

INFORMASJON OM RODER (gatene konfirmantane skal gå med bøsser i)

Lenka til rode-dokumentet er KUN til vaksne/foreldre, for å unngå at noko blir tulla med.

Søndag 22.mars skal konfirmantane gå ut med bøsser

Dette blir konfirmantens viktigste gåtur i år, og vi trur det blir bra for dei å kjenne på at dei kan bidra på ein veldig konkret måte, til ei utruleg viktig sak!

- Dei kan gå saman med andre, to og to, på roder/gater
- Dersom ein konfirmant vil gå saman med konfirmant som tilhøyrrer eiT anna rodeområde, så må den som har fått rodedokumentet dei skal gå i, skrive begge konfirmantane inn som bøssebærarar.
- Ein forelder **skal** skrivast opp på kvar rode, som støtte og vera i nærleiken der konfirmantane går. Forelder kan og gå med bøsse dersom det er ønskeleg.
- Der det er behov for bil for å frakte konfirmantane til husa, så skriv de inn namnet på sjåføren i feltet «sjåfør m/bil».
- Dersom foreldre har bøsse, kan det også vera at de vil ta to områder, sidan det går fortare å gå saman slik. Då skriv de dykk inn på dei to rodene de velger.

Vi har ikkje hatt tid og kapasitet til å oppdatere kart og nye gater/rodenamn der det er nytt.

Fint om de likevel går til husa som manglar i roden der dette er tilfellet.

Og det kan vera det er behov for sjåfør andre stader enn der vi har notert det i skjema. Skriv i tilfelle ein kommentar i feltet/kolonna bak roden.

Framgangsmåte:

1. Opne googledokumentet med oversikt over alle gatene i området ditt.
2. Finn gata/området din konfirmant vil gå i.
3. Skriv inn namnet på konfirmanten i kolonna "bøssebærar"
4. Skriv inn namn på foreldrestøtte
5. Sjekk ut gata/roden i appen Maps feks, om området er utvida med fleire hus/gater enn på oversikten.

FRIST for ferdig utfylt skjema:

Vi ber om at de har plassert konfirmant på rode **innan torsdag 19.mars**